
Saksnr: 2020/73796-2
Saksbehandlar: Kaia Wøien Nicolaisen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		17.02.2021
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.02.2021
Fylkesutvalet		02.03.2021
Fylkestinget		09.03.2021

Etablering av klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland

Forslag til innstilling

Det vert etablert klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland. Retningslinjene for prisane vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Kvar prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.

Samandrag

Vestland fylkeskommune etablerer i samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland to prisar; klima- og miljøprisen for landbruket i Vestland og kulturlandskapsprisen i Vestland. Prisane vert delt ut annakvart år. Gjennom denne saka ber vi om at prisane vert etablert, og vi gjer greie for retningslinjene for prisane.

Saka gjeld både landbruk og kulturmiljø, og saka vert derfor fremma både for hovudutval for næring og for hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen etablerer to prisar i samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland; klima- og miljøprisen for landbruket i Vestland og kulturlandskapsprisen i Vestland. Prisane skal medverke til auka merksemd rundt gode klima- og miljøvennlege tiltak i landbruket, samt auka merksemd rundt kulturlandskap og -verdiar. Det vert delt ut ein pris kvart år, der klima- og miljøprisen og kulturlandskapsprisen vil verte delt ut annakvart år.

Saka om etablering av dei to prisane vart fremma for hovudutval for næring 25.11.2020 (saksnr 69/2020). Hovudutval for næring bad administrasjonen arbeide vidare med dei to prisane innan landbruk.

Klima- og miljøprisen for landbruket i Vestland

Føremålet med prisen:

Prisen skal medverke til auka merksemd og kunnskap om klima- og miljøtiltak i landbruket, og bidra til omlegging innan landbruket i tråd med nasjonale mål for klima og miljø. Prisen skal vere ei påskjøning for særskilt innsats i dette arbeidet.

Kven kan få prisen?

Prisen kan delast ut til gardbrukarar/skogbrukarar, mindre organisasjonar, bygde- og grendelag, grunneigarlag eller andre former for fellestiltak og samarbeid, kommunar, landbruksretta næringsverksemd og FoU-verksemdar.

Alle kan nominere kandidatar.

Krav til prisvinnaren:

Vinnaren av prisen skal ha gjort ein særskilt innsats i året som gjekk, eller ha vist god innsats over tid ved å formidle eller ta i bruk klima- og miljøvennlege løysingar. Løysingane må også fremje naturmangfald.

Døme på slik innsats kan vere:

- innsats som medverkar til reduserte klimagassutslepp
- arbeid retta mot karbonbinding
- innsats for å hindre avgang av skog og andre karbonrike areal eller for å plante og skjøtte stadstilpassa skog
- innsats retta mot betra vasskvalitet
- klimatilpassing
- målretta arbeid med jord, knytt til jordfruktbarheit, jordstruktur og drenering
- styrking av naturmangfald eller tiltak mot framande artar
- gjenbruk, gjenvinning og reduksjon av forbruk og avfall

Juryen kan før kvar utlysing vurdere om det er spesielle område som skal leggjast meir vekt på enn andre.

Organisering av prisen:

Prisen vert etablert som eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Vestland fylkeskommune er koordinator for arbeidet med prisen.

Det vert oppretta ein bredt samansett jury som har som oppgåve å vurdere dei nominerte kandidatane, hente inn ytterlegare naudsynt dokumentasjon og kåre ein vinnar av prisen på bakgrunn av innsendt dokumentasjon, eventuelt med synfaring. Hovudutval for næring og hovudutval for kultur, idrett og integrering vert informert om vinnaren av prisen.

Juryen består av representantar frå

- Vestland fylkeskommune, avdeling for innovasjon og næringsutvikling, *seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv*
- Vestland fylkeskommune, avdeling for innovasjon og næringsutvikling, *seksjon for grøn vekst, klima og energi*
- Statsforvaltaren i Vestland, *landbruksavdelinga*
- Statsforvaltaren i Vestland, *miljøavdelinga*

- Vestland bondelag
- Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag og Hordaland bonde- og småbrukarlag - *ein felles representant*
- Ein ekstern representant med fagleg kompetanse på området

Prisen vert delt ut på lokalt arrangement hos prisvinnar. Vinnaren vert også invitert på landbrukskonferansen arrangert av Statsforvaltaren og fylkeskommunen for presentasjon av vinnaren og arbeidet som er gjort. Prisen er eit diplom og ein pengesum på kr. 30 000.

Kulturlandskapsprisen i Vestland

Føremålet med prisen:

Prisen skal medverke til auka merksemd og kunnskap om kulturlandskap og -verdiar og utfordringar knytt til dette. Prisen skal vere ei påskjøning for særskilt innsats i dette arbeidet.

Kven kan få prisen?

Prisen kan delast ut til gardbrukarar og grunneigarar, mindre organisasjonar, bygde- og grendelag, grunneigarlag eller andre formar for fellestiltak og samarbeid, kommunar, landbruksretta næringsverksemd og FoU-verksemdar.

Alle kan nominere kandidatar.

Krav til prisvinnaren:

Vinnaren av prisen må ha utmerka seg ved å forvalte miljø- og kulturlandskapsverdiane på ein sær god måte. Vinnaren av prisen skal ha gjort ein ekstraordinær innsats for kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet, bygningsvernet, formidling, tilrettelegging og tradisjonar knytt til kulturlandskapet, og som medverkar til merksemd om dei kulturhistoriske verdiane som kulturlandskapet i Vestland.

Døme på slik innsats kan vere:

- Skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø
- Fremjing eller bevaring av biologisk mangfald, mellom anna å ta vare på truga artar og naturtypar, hindre framande artar i å etablere seg eller bevaring av verdifulle genressursar
- Gjere kulturlandskapet tilgjengeleg for ålmenta
- Formidling av kulturhistorie i landskapet

Juryen kan før kvar utlysing vurdere om det er spesielle område som skal leggjast meir vekt på enn andre.

Organisering av prisen:

Prisen er etablert som eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren i Vestland er koordinator for arbeidet med prisen.

Det vert oppretta ein bredt samansett jury som har som oppgåve å vurdere dei nominerte kandidatane, hente inn ytterlegare naudsynt dokumentasjon og kåre ein vinnar av prisen på bakgrunn av innsendt dokumentasjon, eventuelt med synfaring. Hovudutval for næring og hovudutval for kultur, idrett og integrering vert informert om vinnaren av prisen.

Vinnaren av kulturlandskapsprisen vert fylket sin kandidat til neste års nasjonale kulturlandskapspris som vert utdelt av Norsk Kulturarv i samarbeid med LMD og Landbruksdirektoratet.

Juryen består av representantar frå:

- Vestland fylkeskommune, avdeling for innovasjon og næringsutvikling, *seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv*
- Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering, *seksjon for kulturarv*
- Statsforvaltaren i Vestland, *landbruksavdelinga*
- Statsforvaltaren i Vestland, *miljøavdelinga*
- Vestland bondelag
- Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag og Hordaland bonde- og småbrukarlag - ein felles representant
- Ein ekstern representant med fagleg kompetanse på området

Prisen vert delt ut på lokalt arrangement hos prisvinnar. Vinnaren vert også invitert på landbrukskonferansen arrangert av Statsforvaltaren og fylkeskommunen for presentasjon av vinnaren og arbeidet som er gjort. Prisen er eit diplom og ein pengesum på kr. 30 000.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtaksmynde.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Kr. 30 000 vert tildelt kvar prisvinnar. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.

Klima:

Prisane støttar opp under eit godt arbeid med klima og miljø.

Folkehelse:

Alle klima- og miljøtiltak er på sikt eit løft for folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Prisane er i tråd med føringane frå planstrategien.

Konklusjon

Klima- og miljøprisen for landbruket i Vestland og kulturlandskapsprisen i Vestland er utarbeida i samarbeid mellom fylkeskommunen og Statsforvaltaren i Vestland. Prisane skal gje auka merksemd rundt gode klima- og miljøvennlege tiltak i landbruket, samt auka merksemd rundt kulturlandskap og -verdiar. Dei to prisane vert etablert, og fylkesrådmannen får fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane.